

Saksprotokoll i Fellesnemnda-AU - 27.11.2018

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

Alternativ.

«Det overordna prinsippet om tildeling i hovudsak basert på tal elevar per utdanningsprogram vert lagt til grunn for budsjettmodell for tildeling av ressursar til dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

1. Prosjektlear skal:
 - a) utarbeide ein budsjettmodell der tildelinga i hovudsak er basert på tal elevar per utdanningsprogram. Som ein del av dette arbeidet må det vurderast om nokre budsjettelement skal tildelast uavhengig av tal elevar.
 - b) vurdere behovet for overgangsordningar i overgangen til Vestland fylkeskommune
2. Prinsippa for ny budsjettmodell vert lagt fram for fellesnemnda våren 2019.»

Røysting

Søviknes sitt forslag fekk 3 røyster (Frp,H) og fall.

Innstillinga fekk 5 røyster (A, SP, Krf) og vart vedteken som innstilling til fellesnemnda.

Innstilling til fellesnemnda

Det overordna prinsippet om tildeling i hovudsak basert på tal grupper per utdanningsprogram vert lagt til grunn for budsjettmodell for tildeling av ressursar til dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

1. Prosjektlear skal:
 - a. utarbeide ein budsjettmodell der tildelinga i hovudsak er basert på tal klassar/grupper per utdanningsprogram. Som ein del av dette arbeidet må det vurderast om nokre budsjettelement skal tildelast uavhengig av tal grupper.
 - b. vurdere behovet for overgangsordningar i overgangen til Vestland fylkeskommune.
2. Prinsippa for ny budsjettmodell vert lagt fram for fellesnemnda våren 2019.